



Kristoffer Toska
Toskavegen 504
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2166 - 21/71720

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
01.11.2021

Opplysningar om avløp på eigedom 443/11 Toska

Vi viser til din e-post datert 19.10.2021 med førespurnad om godkjenning av avløp knytt til våningshus med adresse Toskavegen 504.

Ved gjennomgang av tidlegare Radøy kommune sitt arkiv kan vi ikkje finne noko utsleppsløyve knytt til dette anlegget.

Ved etablering av nybygg på eigedomen i 1994, er det gjeve utsleppsløyvet til det nye huset med adresse Toskavegen 492. I sakspapira knytt til dette løyvet er notert følgjande:

Bygningsrådet har tidlegare i samband med at det har vorte gjeve løyve til nye utslepp på ein eigedom/gardsbruk, også sett fram krav om at eksisterande utslepp må utbetrast til å stetta same krava som det nye bustadhuset. I den samanheng meiner teknisk sjef at også eksisterande bustadhus bør føra avlaupet frå septiktank fram til leidningen som vert førd til sjøen.

Så langt me kan sjå ut frå historisk arkiv verkar det som om at anlegg knytt til Toskavegen 504 er etablert utan søknad og godkjenning frå kommunen. Alver kommune kan ikkje godkjenne eit anlegget som ikkje er omsøkt.

Vi har førespurd Norva24 om kva dei har registrert og vi har fått opplyst at anlegget ditt ikkje har fast tømmeavtale og anlegget har ikkje vore tømmt sidan 2015.

Dersom våre opplysningar ikkje stemmer og du skulle ha dokumentasjon som viser at anlegget er godkjent av Radøy kommune, ber me om at du sender oss dette snarast.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

443_11_Toskavegen 492 utsleppløyve

Mottakarar:

Kristoffer Toska

Toskavegen 504

5936

MANGER